



Kyrkjeblad

FOR ASKVOLL

Nr. 1 Påske 2025 | 103. ÅRG.



*Vi ynskjer alle
ei velsigna påskehøgtid!*



Den tomme krossen

Når kyrkjeklokkene ringer påskehøgtida inn påskeaftan, vitnar dei om at kyrkjehusa er berarar av historie og kontinuitet i bygdene og byane våre. Til saman dannar dei ei lenke som bind oss til kvarandre. Det er som dei syng oss saman.

I vårt bispedøme er vi medvitne om ei tusenårig historie med lag på lag av menneskets tru og tilbeding. Steinane og veggane i kyrkjehusa er levande fordi dei har teke imot smerte og lidning, glede, kjærleik og sorg frå dei som har vore her før oss. Dei speglar gudslengt og gudsnaervær.

Det paradoksale er at dei også gjev rom for å synleggjere gudsfråvær.

Det sterkaste symbolet i kyrkjerommet vil alltid vere krossen. Symbolinnhaldet i krossen er fleirtydig. Den er eit dødsinstrument. Den er teiknet på oppstoda, og den er uttrykk for sameininga mellom Gud og menneske i Jesus Kristus. Krossen, slik vi kjenner den, vil alltid vere knytt saman med påskens budskap: Jesu lidingssoge, hans død og oppstode. I påskeforteljinga sine dramatiske døgn er det også ei tid då verda ikkje har nokon Gud. Frelsaren er i denne timen død. I kyrkjekunsten kjem det til uttrykk i motivet som skildrar korleis Jesu døde kropp vert teken ned frå krossen. Eit likklede vert strekt mellom krossarmene. Mannen som sa at han var Gud, viser seg å vere av kjøt og blod som resten av oss. Og sjølv om vi som ser motivet også veit at berre om nokre få dagar, på påskemorgon, skal kristne over heile verda jublande syng «Kristus er oppstaden», er det som om vi enno ei tid må leve med eit opent spørsmål utan eit sjølvsagt svar. – Kva vil skje med oss? Kan verkeleg livet sigre over døden?

Verdas angst og menneskets oppleving av det meningslause, av gudsfråværet, må også ha sin stad. For viss vi ikkje torer å setje ord på at det er slik, kan vi heller ikkje tale truverdig om at Gud som lir og døyr langfredag, også deler alle menneskes langfredagar. Og at oppstoda si glede og livskraft ein dag skal bli alle menneskes glede og livskraft.

Vi treng budskapen om håpet og om den tomme grava. Vi treng det i vår del av verda, vi treng det over heile verda. Vi treng det no! For verda er råka av krefter som vil vondt. Det er vanskeleg å ta inn over seg den mengda av frykt og død vi ser omkring oss, nær oss og langt borte. Framfor denne påskehøgtida kjenner vi det igjen, og vi må ta det inn over oss.

I påsken feirer vi at lyset vinn over mørket. Og at vi skal få leve i det lyset. Det er ikkje lovnad om eit



Ragnhild Jepsen. Foto: Bjørgvin bispedømekontor.

liv der alt er godt og smerte ikkje skal vere. Livet har lært oss at dagane kan vere mørke og sorga kjennes som ei klo i bringa som aldri slepp taket.

Men dei kreftene Jesus tek oppgjer med i gravkammerets rom, dei skal ikkje ta overhand. Dei skal ikkje sigre.

Av biskop Ragnhild Jepsen

For Livet og Håpet er sterkare!

Døden må vike for Gudsrikets krefter!

Livet er gjemt i et jordekket frø.

Se, i oppstandelsens tegn skal vi leve.

Se, i oppstandelsens lys skal vi dø.

(Svein Ellingsen, Norsk salmebok nr 209)

En hilsen og takk til dere alle

I snart to år har jeg virket som sokneprest i Askvoll sokn. Det har vært en berikelse. Takk for alle gode samtaler med enkeltmennesker, unge som gamle. Takk for alle jeg har fått trøste og alle jeg har fått glede. Takk for tilliten og åpenheten som er vist meg. Jeg har blitt veldig glad i folket her. Møtet med konfirmantene har gjort inntrykk, for ikke å glemme de barna jeg har fått døpe. Jeg kommer alltid til å bære dere med meg i hjertet og huske på dere i bønn. Jeg vil også bære med meg den livsvisdommen mennesker her i Askvoll har delt med meg. På Askvollheimen har jeg hatt sterke møter med både beboere og pårørende.

Da jeg tiltrådte visste jeg at jeg skulle være her en tid. Nå venter nye oppgaver. Mitt første stopp er hos mine gamle foreldre i Bergen, dernest i juli måned å fullføre mitt utvidede teologistudium ved universitetet i Cambridge, England. Når boenheten jeg skal flytte inn i er ferdig renoveret, går ferden til Oslo.

Ser tilbake på et godt arbeidsfellesskap med kirkeverge Rune, sekretær Hildegunn og organist Sabina. Hilser også til klokkerene Jostein, Oddgunn og Marit og alle kirketjenere og kirkeverter og øvrige medhjelpere i Bulandet, Værlandet, Kvammen, Stongfjorden, Vilnes, Holmedal og Askvoll. Har hatt stor glede av å samarbeide med dere alle.

Vidar med skyssbåten har bragt meg trygt til og fra i storm og stille. Han leser bølgene bedre enn jeg leser bøker!

Lov meg, alle sammen, å ta godt vare på staben på kyrkjekontoret og ta godt vare på hverandre. I en urolig tid og urolig verden er det viktigere enn noen



Tommy Erdal. Foto: Hildegunn Helleset.

gang å bygge et trygt og godt lokalsamfunn og stille opp for hverandre når og der det trengs. Søk fred og jag etter den.

Herren velsigne dykk og vare dykk.

*Herren late sitt andlet lysa over dykk
og vere dykk nådige.*

*Herren lyfte sitt åsyn på dykk
og gjeve dykk fred.*

Må Herren gi dere all den styrke dere trenger på livsveien videre.

Takk for meg.

**Tommy Erdal
sokneprest**

Prestesituasjonen i Askvoll

Etter stillingsutlysinga etter ny sokneprest i Askvoll hadde ein ikkje søkjarar etter søknadsfristens utløp. Ein klarar seg no mellombels, der ein har ei løysing med sommarvikar i juli månad og elles samordnar aktivitetene mellom Fjaler og Askvoll, der sokneprest Knut Arne Kummeneje skal dekke Askvoll og Fjaler i slutten av juni og byrjinga av august. Som sommarvikar får vi Stein Ove Skadal som også mange kjenner frå før, då han var sokneprest her på 90-talet. Frå august og utover har ein inga klar løysing no, men dette vil ein få på plass etter kvart.

Bispedømmet har no lyst ut stillinga på nytt med søknadsfrist 21. april. Ein går no litt breidare ut og lyser ut stillinga med moglegheit for tilsetjing som prest under utdanning, ei såkalla PUU-stilling.

Denne ordninga går ut på at kandidatar kan få prestestilling i kombinasjon med 40% studiepermisjon for å kvalifisere seg som prest ihht. studiekrava. Studieforløpet er avgrensa til ein periode på 4 år.

Vi kryssar fingrane for at vi får gode søkjarar til prestestillinga i Askvoll i denne utlysingsrunden!

Barnefestivalen ein ny tradisjon i Askvoll



Store og små på småbornssong.

I år har vi begynt med ein ny aktivitet – Barnefestivalen, som vi vil prøve å etablere som ein «fast» tradisjon i Askvoll.

Det var tilbud/aktivitetar til born i forskjellig alder, som vi - tilsette og frivillige var med å gjennomføre. Tilbudet gjaldt for alle born i Askvoll sokn og vi planlegget alt slik, at det passa med ferjeruter frå øyane.

På dag 1, lørdag 8. februar, var det *dueslepp* for born som ble døpt siste året. Under dåpen får familien til dårsborna duer (laga av tre) som blir hengt opp i kyrkja/kapellet eit år før dei blir «slept ut» heim til borna. Foreldre og borna får invitasjon, kjem i kyrkja, får påminning om dåpen, syng eit-par songar/barnesalmar, får dåpsduene og blir det også sosial stund med kyrkjekaffi etterpå. Oddgunn Keilegavlen Grane var med meg og hjalp til. Det var ei kjempehyggeleg «stund» i kyrkja.



Så kjekt at mamma er med.



Stor stas å få lov å bråke i kyrkja!



Tårnagentane lagar namnekort med runeskrift og fingeravtrykk.



Vi fekk aktivitetshäfte på slutten.



Vi lagar rytme.



Alt som trengs til å lage hjartekort.

Etter duesleppet hadde vi same dag småsong for born 1-3 åringar. Det er eit veldig flott tilbud for born som har vore med på babysong tidligare, men etter foreldre begynner i jobb og borna går i barnehage, då er det veldig fint å samle dei alle på ein lørdag ein gong per måned. Eg skal fortelle meir om småbornssong i egen artikkel. 😊

Til sist på dag 1 hadde vi *tårnagentsamling* for dei som er 8 og 9 år. Sidsel Anita Itland leia denne på ein heilt fantastisk måte, med mange interessante og spennande oppgåver. Eg som organist fekk også oppgåva å spele salmar som tårnagentane fekk etter fullført rebusløype. Dei fekk også informasjon om orgelet og spelte fint som solistar, også som «organist gruppe» (spelte samtidig på orgelet). No har vi ikkje problemer med vikarorganistar, kyrkjekontoret må berre ta kontakt etter behov med dem. 😊

På dag 2 var det *hjartetur* og *kyrkjesafari*. Det var aktivitet for alle aldrar, som kyrkja i Askvoll arrangerte saman med Barnas turlag i Askvoll. Det var tur rundt Prestemarka med avslutning i Askvoll kyrkje, kor barna skulle leite etter dyrene som «gjomte seg» i kyrkjerommet. Alle fekk pølse med brød, saft, boller og kaffi/te. Mange born var med å laga hjartekort til dei som dei er glad i.

På måndag 10. februar, 3.dag av barnefestivalen, var det *kirkerottetater* for born frå 4-7 år. Eg synes det er kjempefint tilbud til borna som er eldre, også voksne. Eg har sjølv vore med på forskjellige forestillingar som kirkerottetateret har hatt siste 3 åra, og som ein musikar eg er veldig imponert over dei som framfører desse forestillingane. Det var mange familier som møtte opp og delte den inspirasjonen og gleden.

Mange har gitt positive tilbakemeldingar om barnefestivalen og dei ulike aktivitetane som var der.

Eg gler meg til neste år!

Sabina Baylarbayova 😊



Opptatt med rebusløpet.



Ivrige jenter på orgelkrakken.
Det vert ikkje vanskeleg med vikar framover.




No har vi funne alle dyra på kyrkjesafari.




Sidsel Anita forteller om Jesus og den lamme, og barna er heilt oppslukte.



På hjartetur rundt Prestemarka.



«Mamma, sjå der!»



Vesle og Fredo er tilbake i Askvoll.

Sunnfjord Gravferdsbyrå

Vi vil på beste måte
hjelpe dykk som pårørende,
med alt som høyrer
ei verdig gravferd til.

Blomstertorget A/S
Dale Senter • 6963 Dale i Sunnfjord
Telefon 57 73 98 00 • Mobil 975 21 569
www.blomstertorget.no

Fjordane
BEGRAVELSESBYRÅ

NÅR DU MISTER EIN DU ER GLAD I

Å ta kontakt med eit gravferdsbyrå for å få råd om vegen vidare kan vere ein god måte å starte prosessen. Vi ønskjer å stå til teneste med råd, rettleiing og praktisk hjelp i planlegging av gravferda. Vi kan kontaktast alle dagar, heile døgnet.

FLORØ

Døgnbemanna telefon: 57 74 31 36
Markegata 42, 6905 Florø
E-post: post@fjordan.no

FØRDE

Døgnbemanna telefon: 57 82 70 30
Lindbøen 2, 6809 Førde
E-post: post@fjordan.no

www.fjordan.no

Babysong og Småbornssong på Askvollheimen

I år begynte vi med babysongsamlingar på Askvollheimen. Det er heilt fantastisk at vi har desse tiltakene på Askvollheimen, tid og stad der generasjonane møtast. Borna får så masse varme frå bebruarane der. Alle – folk på heimen, foreldra til borna, tilsette, besøkande - synest det er kjempehyggelege stundar. Etter den musikalske biten har vi ei koseleg stund med kaffi, frukt og kjeks, der folk får moglegheiten til å helse på kvarandre og prate saman.

Vi har babysong ein gong per månad på Askvollheimen, oftast på måndagar og nokre gonger på onsdagar. Vi heng opp plakatar og vi sender invitasjon til born og foreldre for å vere med.

Under barnefestivalen var det oppstart på småbornssong i Askvoll. Det er eit veldig fint tiltak for born frå 1-3 år. Dette blir ei «fortsetjing» av babysong-tiltaket. Det passar både for foreldre som er ferdig med foreldrepermisjon og born som har begynt i barnehage. Samling er ein lørdag per måned. Ein god del av songane som brukes til babysong brukar vi vidare på småbornssongsamlingane. Men her er det ein heilt anna reaksjon hos barna, meir

bevegelse og forståing av kva som skjer, ikkje minst at dei er med å «synge» og halde rytmen med å riste på rytmeegg. 😊

Både babysong og småbornssong vart så populært at vi absolutt må halde fram med desse samlingar frå hausten igjen. 😊

Det blir kjekt!

Sabina Baylarbayova

Babysong og småbornssong kan du vere med på her:

Babysong

Onsdag 9. april
Måndag 5. mai

Småbornssong

Lørdag 12. april
Lørdag 12. mai

Samlingane er på Askvollheimen,
kvar gong kl. 10.00-11.00.

Send gjerne ei SMS til Sabina på
tlf. 930 81 399 om du kjem.



«Stor bølge – liten bølge. Havet går i bølger»



Yngste aspiranten under opplæring.

Askvoll LMF - Kven er vi?



Rundt bordet på Tveit.

Lærernes Misjonsforbund vart stifta i 1902.

Stikkord: misjon, bøn og gjevarglede.

Motto: Med kunnskap om Jesus til heile verda

LMF er eit ope tverrkyrkjeleg fellesskap av lærarar og andre som er opptekne av undervisning og misjon. Vi er ei av mange lokale grupper rundt om i landet, omlag 1500 medlemmer i alt, medrekna enkeltmedlemene.

Vi støttar arbeidet til 13 utsendingar i Europa, Afrika, Asia og Sør -Amerika gjennom ulike samarbeidspartnarar.

Askvollgruppa vart starta i 2008, etter initiativ frå Liv Hushagen etter at ho kom heim frå misjonær-teneste i Etiopia, der ho og var LMF - utsending.

Vi er no 13 medlemmar frå heile kommunen: Bulandet, Værlandet, Atløy, Askvoll, Holmedal, Rivedal, Flokeneset og Kvammen.

Vanlegvis møtest vi fire gongar for året, heime hos kvarandre – kjekt å komme rundt!

Som ei sa ein gong: Når vi møtast så sjeldan, har vi god tid til å gle oss til kvar gong!



Heime hos Tone på Værlandet.

Av og til samlast vi andre stader, gjerne når vi treng litt meir plass, som på maimøtet i fjor, med besøk av misjonær Anniken Mori og sonen Paul Mondo frå Japan.

Det var veldig kjekt å høyre og sjå frå arbeidet deira, og å ete med pinnar!

Til augustmøtet 2023 spurde vi om å få møtast i gamletunet på Nedre Tveit. Det var så kjekt at vi har lyst å gjenta det på augustmøtet i år og!

Har du lyst å vere med i gruppa, eller som enkeltmedlem i LMF?

Ta gjerne kontakt med underteikna, eller andre du ser på bilda – **velkommen!**

Helsing Askvoll LMF
v/ Svanhild Ask (leiar no) Tlf. 95219558.



Olset bedehus.



Tunet på Tveit.

Påskeforteljinga for barn

Av Ingvild Aurlund Lossius basert på bibelhistoria og manus for påskevandring utvikla av tidlegare kyrkjepedagogar i Søreide kyrkje.

Vil du høyre ei påskeforteljing?

Denne forteljinga handlar om Jesus, og noko som skjedde for veldig, veldig lenge sidan. Omtrent 2000 år sidan, faktisk! Forteljinga startar i ein by som heiter Jerusalem på ein dag som vi kallar for Palmesøndag.

Palmesøndag

Då Jesus var vaksen, drog han til Jerusalem saman med venene sine for å feire påske. I dag er det søndag og det er mange folk ute i gatene som hastar hit og dit for å gjere i stand til den store feiringa. Plutseleg høyrer ein rop i det fjerne: «Hosianna! Hurra for kongen!» er det nokon som ropar. Kongen? Er det ein konge på veg? Ja, sjå, det er jo Jesus som kjem! Jesus kjem ridande inn til Jerusalem på eit esel! Mange menneske står rundt og viftar med store palmegreiner medan dei jublar og ropar. Dei er glade for at Jesus kjem, for dei vil at han skal vere kongen deira. Vi kallar denne dagen for Palmesøndag, fordi alle folka svinga palmegreiner for Jesus!




Skjærtorsdag

Det er blitt skjærtorsdag. Jesus og venene hans, som vi kallar for disiplar, har påskefest, og skal feire dette med eit påskemåltid. Før maten vaskar Jesus føtene til venene sine. Etterpå går dei alle til bords for å ete. Det er lys på bordet, og god mat og drikke. Kvart år et dei den same maten for å hugse noko som skjedde for lenge sidan. No seier Jesus at dei skal ete denne maten for å hugse han. Jesus lyfter brødet og vinen og ber ei takkebøn. Så deler han ut brød og vin til alle og seier: «Et og drikk dette til minne om meg!». Jesus seier at dette er det siste måltidet dei skal få ete saman. Han veit at snart skal fiendane hans, dei som ikkje likte Jesus, kome og ta han. Etter dei har ete går dei ut til ein hage som heiter Getsemane.

Langfredag

Når dei kjem til Getsemane ber Jesus venene sine om å vere vakne saman med han. Jesus er redd og lei seg. Han går litt for seg sjølv for å be til Gud. Venene er så trøytte og slitne at dei ikkje klarer å halde seg vakne. Dei sovnar. Plutseleg blir dei vekke av Jesus som ropar: «Vakn opp, alle saman! No kjem dei som skal ta meg til fange!» Judas, ein av venene til Jesus, hadde lova å fortelje dei som var sinte på Jesus kvar han var. Det gjorde Judas, og då kunne dei kome og ta Jesus. Venene til Jesus var glade i han, og dei trudde han var Guds son. Uvenene til Jesus trur ikkje på at han er Guds son, derfor arresterer dei han og seier: «Han som seier han er Guds son, han skal døy!». Så tek dei Jesus med seg og heng han opp på eit kors for å døy. Denne dagen var så lang og trist at vi kallar den for Langfredag. Då Jesus var død, blei han lagt i ei hule i fjellet. Det var slik gravene var den gongen. Opninga til grava blir stengt med ein stor stein. Venene til Jesus er veldig lei seg.



Påskemorgon

På søndagen går to damer for å sjå til grava. Plutseleg kjenner dei eit kraftig jordskjelv, og ein engel kjem ned til dei og rullar vekk den store steinen framfor grava. Damene blir først redde, men engelen seier: «Frykt ikkje, ver ikkje redde! Jesus er stått opp igjen frå dei døde. Fort dykk til venene hans og fortel at han lever!» Damene blir kjempeglade, og spring til venene hans for å fortelje dei gode nyheitene. Jesus var blitt levande igjen, og ingen trong å vere lei seg meir!

Håper du likte forteljinga! 😊



Velkommen til gudsteneste



ASKVOLL KYRKJE

Skjærtorsdag 17. april kl. 18.00
Gudsteneste
Offer til Olset bedehus

Påskedag 20. april kl. 17.00
Høgtidsgudsteneste.
Offer til Askvoll kyrkje

Lørdag 17. mai kl. 10.00
Gudsteneste
Offer til Leger uten grenser

Kristi himmelfartsdag, torsdag 29. mai kl. 11.00
Gudsteneste
Offer til Kyrkjelydens misjonsprosjekt

Søndag 8. juni kl. 11.00
Konfirmasjonsgudsteneste
Offer til kyrkjelydsarbeidet

Søndag 20. juli kl. 11.00
Gudsteneste



VÆRLANDET KAPELL

Lørdag 24.mai kl. 14.00
Konfirmasjonsgudsteneste



HOLMEDAL KYRKJE

Påskeaftan, lørdag 19. april kl. 22.00
Kveldsgudsteneste

Lørdag 3. mai kl. 11.00
Konfirmasjonsgudsteneste
Offer til trusopplæringa

Lørdag 17. mai kl. 11.15
Gudsteneste
Offer til Holmedal kyrkje

Søndag 6. juli kl. 11.00
Gudsteneste



KVAMMEN KAPELL

Søndag 13. april kl. 11.00
Gudsteneste
Offer til kyrkjelydsarbeidet

Søndag 27. april kl. 11.00
Gudsteneste
Offer til Jonasklubben

Lørdag 7. juni kl. 11.00
Konfirmasjonsgudsteneste
Offer til Sjømannskirken – Norsk kirke i utlandett

Søndag 20. juli kl. 14.00
Gudsteneste



BULANDET KAPELL

Påskedag, søndag 20. april kl. 10.15
Høgtidsgudsteneste
Offer til Bulandet kapell

Søndag 22. juni kl. 10.15
Gudsteneste

Søndag 3. august kl. 15.00
Gudsteneste



VILNES KYRKJE

Påskedag, søndag 20. april kl. 15.00
Høgtidsgudstenestek
Offer til Sjømannskirken – Norsk kirke i utlandet.

Lørdag 31. mai kl. 11.00
Konfirmasjonsgudsteneste
Offer til Vilnes kyrkje

Søndag 29. juni kl. 14.30
Gudsteneste



Kyrkjelege handlingar

GRAVLAGDE

ASKVOLL

28.08.2024	Magne Andreas Dyrøy – gravlagd på Sotra	f. 1947
09.12.2024	Kåre Ness	f. 1929
17.01.2025	Leif Dalsøren	f. 1939
10.01.2025	Arnt-Kåre Hertzberg Ask	f. 1964
01.02.2025	Kjellaug Vagstad	f. 1933
04.03.2025	Arnold Erling Walstad	f. 1941
25.03.2025	Ottar Dalsøren	f. 1952

KVAMMEN

07.12.2024	Anne Sofie Aalen Reiersgård	f. 1949
02.03.2025	Elisa Guro Russenes	f. 1930
06.03.2025	Ruth Gjelsvik	f. 1929

HOLMEDAL

26.08.2024	Astri Helle	f. 1942
23.12.2024	Rannveig Jorunn Søreide	f. 1937
15.01.2025	Stein Torodd Helle	f. 1952
23.03.2025	Bjørn Arvid Møller	f. 1944

VÆRLANDET

22.12.2024	Atle Johan Kalvøy	f. 1940
------------	-------------------	---------

DØYPTE

ASKVOLL

16.02.2025	Hedda Solheim Grimelid
------------	------------------------

BULANDET

23.02.2025	Luca Hillersøy
------------	----------------

HOLMEDAL

30.03.2025	Kaja Strand Haukeland Lucas Enstad Walum
------------	---

VILNES

23.03.2025	Henry Saltskår
------------	----------------

KONFIRMANTAR

ASKVOLL KYRKJE 8. JUNI KL. 11.00

Mille Rivedal Andersen
Tobias Storøy Ask
James Ninō Borres Dublin
Ella Madeleine Mjåseth Kindblad
Luca Solheim Kongshaug
Celina Flaten Vårdal
Henrik Gilleshammer Aralden

HOLMEDAL KYRKJE 3. MAI KL. 11.00

Emina Grimelid Hegrenes
Matias Skrede Rivedal
Jenny Kristin Selvik
Martine Holmelid Solheim

KVAMMEN KAPELL 7. JUNI KL. 11.00

Edward Lund Hawkes
Lilly Hawkes
Emil Kvammen Sund

VILNES KYRKJE 31. MAI KL. 11.00

Tiril Herland Bakkebø
Johanna Bjørøy-Stuhaug
Isak Størdal Lervåg
Alvina Norstrand
Jakob Vilnes Saltskår

VÆRLANDET KAPELL 24. MAI KL. 10.00


Nora Etterlid Landøy

MINNEGÅVE

I samband med Kåre Ness si gravferd 20. desember 2024 har vi motteke ei minnegåve på kr 8 900,- som skal gå til Askvoll kyrkje.

Soknerådet takkar hjarteleg for gáva.





Returadresse: Askvoll kyrkjekontor, Boks 14, 6988 Askvoll



Dåp
– ein god start på livet

Vi får ikkje lenger informasjon om nyfødde barn. Difor får vi ikkje sendt ut dåpsinvitasjon til nybakte foreldre, slik vi gjorde før.

Ta kontakt om du ynskjer dåp!
Send epost til post.askvoll@kyrkja.no, eller ring mobilnr. 918 74 724


DEN NORSKE KYRKJA
Askvoll sokn



DEN NORSKE KYRKJA Askvoll



KYRKJEVERJE

Rune Ziener

✉ rz459@kyrkja.no

☎ 479 63 319



KYRKJESEKRETÆR

Hildegunn Hellest

✉ sekretaer.askvoll@kyrkja.no

☎ 918 74 724



SOKNEPREST

Tommy Erdal

✉ te263@kyrkja.no

☎ 971 10 124



KANTOR

Sabina Baylarbayova

✉ sb963@kyrkja.no

☎ 930 81 399

VELKOMMEN TIL GUDSTENESTE I PÅSKA

SKJÆRTORS DAG

Askvoll kyrkje kl. 18.00

PÅSKEAFTAN

Holmedal kyrkje kl. 22.00

1. PÅSKEDAG

Bulandet kapell kl. 10.15

Vilnes kyrkje kl. 15.00

Askvoll kyrkje kl. 17.00



v:pps

Betal gjerne kyrkjebladet med Vipps til

692979

Rettleiande kr 200,-

ASKVOLL KYRKJEKONTOR

Postboks 14, 6988 Askvoll

Askvollvegen 398, 6980 Askvoll

Telefon: 918 74 724 · E-post: post.askvoll@kyrkja.no

Heimeside:

Facebook: www.facebook.com/kyrkjaiaskvoll.

Kyrkjebladredaksjonen:

Rune Ziener (ans. red.), Hildegunn Hellest

Leiar Askvoll sokneråd: Wenche Ness Gabrielsen, tlf. 906 07 728

Org.nr. 976 996 267 • Bankkonto: 3740.15.57696

